

Årsmelding for Masfjorden sokn 2022



Innleiing

Året 2022 har på mange vis representert ei attendevending til normalen, der ein etter kvart kunne leggje bak seg restriksjonar knytt til Covid-19. Det har vore eit aktivt år i soknet, der fleire tiltak har kome dobbelt som eit etterslep på pandemien. Som det vil gå fram av årsmeldinga, er likevel ikkje alt ved det gamle, på godt og vondt.

Om soknerådet / fellesråd



Masfjorden sokneråd har i 2022 vore sett saman slik :

- Rune Garmann, leiar
- Ragnvald Tangedal, nestleiar
- Bente Kvamsdal Håvåg
- Dina Merete Kallestad Dyrhovden
- Gunnar Andvik
- Anne Marit Birkeland Fredriksen
- Harald Mjanger,
- Atle Nordland
- Maja Aven Dahle

- Aril Andvik
- Sokneprest Torbjørn Sæle

Vararepresentantar til soknerådet er:

- Jan Otto Daae
- Leif Bjarne Haukeland
- Ingfrid Olaus Hansen Sleire
- Svein Birger Haugsdal
- Annbjørg Ynnesdal

Sidan det berre er eitt sokneråd i Masfjorden, fungerer soknerådet som fellesråd i saker som etter lova skal handsamast av fellesrådet. Når soknerådet fungerer som fellesråd, tiltrer ein kommunal representant, som i denne perioden er

- Torill Torsvik Størkersen
- Vararepresentanten hennar er Bjarte Andvik

Kyrkjevevja er sekretær for sokneråd/fellesråd, og har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Det vart i 2022 halde totalt 9 møte i sokneråd/fellesråd, der ein til saman handsama 41 fellesrådssaker og 34 soknerådssaker. Tre av møta vart avhaldne på Teams, medan dei øvrige seks møta vart fordelte mellom kyrkjekrinsane, med to møte i kvar krins. Eitt av desse møta vart halde i kyrkja i krinsen, av di det er viktig at alle i sokneråd/fellesråd er godt kjende i alle kyrkjene i soknet.

Forutan å handsame saker som har med eige sokn å gjere, bidrog soknerådet i arbeidet med å utnemne ny biskop i Bergen. Dette var ein prosess som det vart arbeidd mykje med, og innstillinga frå Masfjorden sokneråd var soleis grundig fundert.

Om kyrkjeutvala...

Kyrkjeutvala er sett saman av personar som stod på lista til soknerådsvalet for perioden, og som har bustad i kyrkjekrinsen. Leiar for kvart kyrkjeutval er medlem av soknerådet. På den måten ynskjer ein å oppnå god kontakt mellom sokneråd og kyrkjeutval.

Kyrkjeutvala er sett saman slik :

Frøyset kyrkjeutval

Ragnvald Tangedal, leiar
Jan Otto Daae
Annbjørg Ynnesdal
Ingfrid Sleire
(Gunn Tove Skår)

Sandnes kyrkjeutval

Gunnar Andvik, leiar
Leif Bjarne Haukeland
Svein Birger Haugsdal
Linn Andvik Lahti
Harald Mjanger

Solheim kyrkjeutval

Bente Kvamsdal Håvåg, leiar
Asle Sletten
Joakim Haugsvær
Maria Haukeland
Torfinn Aga

Kyrkjeutvala har hatt fokus på ulike oppgåver knytt til den einskilde kyrkja og hendingar og tilskipingar der. Utvalsmedlemene har vore kyrkjevertar og sytt for kyrkjekaffi, og dei har eit visst ansvar for tilsyn med si kyrkje og tilhøyrande kyrkjegardar. Dette ansvaret vil verte tydeleggjort i 2023. Det er også kyrkjeutvala som har hatt ansvar for distribusjonen av «Masfjordingen» rundt om i grendene våre, og dei har stilt opp som sjåførar under Fasteinnsamlinga.

Kyrkjeutvala har teke på seg viktige oppgåver og løyst dei på ein fin måte, og det er all grunn til å takke kvart og eitt av utvalsmedlemene for fin innsats i året vi har bak oss.

... og andre utval

Det er etablert eit administrasjonsutval som skal arbeide med personalforvaltning, beståande av Rune Garmann og Dina Dyrhovden som arbeidsgjevarrepresentantar og Helga Ekehaug som arbeidstakarrepresentant fram til ho gjekk ut i permisjon. I inneverande år har dette utvalet hatt oppe to saker.

Ein har også eit arbeidsutval som fungerer som saksførebuande organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegere avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Arbeidsutvalet, som er sett saman av sokneprest, kyrkjevert og soknerådsleiar, har rutinemessig vore samla for å førebu soknerådsmøta innan innkallinga til desse går ut. Det er ei ordning som har fungert godt. Det høyrer med at soknerådsleiar også er blitt halden kontinuerleg orientert om saker som dei tilsette har hatt oppe på stabsmøta.

Soknerådet har også hatt ein representant i ei gruppe som har arbeidd med konfirmantundervisninga.



Det vart gjort vedtak om å etablere eit arbeidsutval for kultur, og eitt for diakoni. Av ulike grunnar er ikkje dette vedtaket fylgd opp i løpet av 2022.

Om dei tilsette i kyrkja i Masfjorden

Tilsette i Nordhordland prosti

Torbjørn Sæle er no fast tilsett som sokneprest i Masfjorden sokn. Det er ei ordning vi er glade og takksame for. Torbjørn ser ut til å ha funne seg godt til rette her hos oss, og det er inga overdriving å seie at vi her i grendene våre har funne oss svært godt til rette med han.

Tilsette og andre medarbeidarar i Masfjorden sokn

I løpet av året vart det ein del utskiftingar og endringar i samansetjinga i staben:

- Helga Ekehaug vart innvilga tre års permisjon frå stillinga si som trusopplærar frå midten av august 2022, og permisjon som leiar i Masfjorden frivilligsentral, som ut dette året var eigd av Masfjorden sokn. Ho har no sagt opp stillinga som leiar i Frivilligsentralen.
- Anne Merethe Reknes sa opp stillinga si som organist med verknad frå 1. september.

Masfjorden sokneråd vil med dette få takke begge for ei god teneste i tida dei har arbeidd hos oss, og ynskje lukke til med det dei no har teke fatt på.

- Frå 1. august vart Eli Eidsnes sin stillingsprosent som kyrkjeveverje utvida frå 50% til 70%, slik at stillinga hennar i kombinasjon med dei 30% ho har som sekretær, utgjør 100%. Det er fellesrådet sitt håp at ein med dette har kome eit steg nærare ein rettvis samanheng mellom arbeidsmengd og stillingsstorleik.
- Frå same dato vart Tina Meland Corneliussen tilsett i 60% vikarstilling som trusopplærar, og Bergit Ynnesdal tilsett i 20% vikarstilling som ungdomsarbeidar med særskilt ansvar for å bistå soknepresten i konfirmantarbeidet. Bergit sa opp stillinga si med verknad frå 1. desember.
- Ut over dette har Remi Kallekleiv 80% stilling som kyrkjegardsarbeidar.

Det er også tilsette som har sin arbeidsplass ved dei einskilte kyrkjene:

- Alima Tomor er kyrkjetenar, 10%, ved Frøyset kyrkje.
- Eldbjørg Mjanger er klokkar/kyrkjetenar 1,97% på Granneheimen.

Den fine innsatsen til alle dei tilsette har ført til at kyrkja i Masfjorden også i 2022 har kunna yte folket som bur i grendene våre, gode tenester. Det fortener dei stor takk for.

Men delar av arbeidet i kyrkjene vert utført av folk som ikkje er tilsette i kyrkja.

- Då Anne Merethe Reknes slutta som organist, vart det ikkje tilsett nokon etterfylgjar. Som ei mellombels løysing vart det inngått ein avtale med Boris Kuprijanov, som sikrar at vi har organisttenester til dei planlagde gudstenestene

Dette er ei løysing som har fungert godt, og ein er takksam for det gode arbeidet Boris gjer for oss.

- I Sandnes kyrkje er det ein avtale med Sandnes skulemusikk om at dei har ansvar for kyrkjetenar- og klokkeoppgåvene.
- I Solheim kyrkje er det ein tilsvarande avtale med Solheim helselag.
- I Frøyset kyrkje er det Nordbygdas skulekorps som fram til årsskiftet 2022/2023 har skjøtta klokka sine oppgåver

Desse laga får godtgjort arbeidet etter eigne avtalar. Og alle fortener takk for god innsats!

Status for kyrkjer og gravplassar



Fellesrådet i Masfjorden har ansvar for ettersyn og vedlikehald av tre kyrkjer og seks gravplassar. Det har i løpet av dei siste åra vore utført eit stort arbeid med opprusting av kyrkjene våre. Også i året som har gått er det utført mange store og små vedlikehaldsoppgåver, men framleis er det ein del oppgåver som står att, og som ein må prøve å få gjort noko med i året som kjem.

Formannskapet vedtok i 2021 å løyve ekstra midlar for å ta att eit etterslep i vedlikehaldsarbeidet. Noko av arbeidet som er gjort, vart finansiert med delar av denne løyvinga, og ein reknar med at dei resterande midlane vil verte disponert inn mot arbeid som skal utførast i inneverande år.

Ei lette i arbeidet er at teknisk etat v. teknisk sjef har opna for eit samarbeid der kommunen sine tilsette med kompetanse innan vedlikehald av bygg kan bistå i ettersyn av kyrkjene våre, og gi råd om prioritering av oppgåver og hjelp til å spesifisere tenester som ein treng å få utført. Men det er likevel kyrkjevevja som har ansvar for at arbeidet vert sett i gang og utført innan gjeldande rammer, og har tilsynsansvar for at arbeidet er blitt utført i tråd med dei spesifikasjonane og krava som er stilt.

Økonomisk status for kyrkja i Masfjorden

I tråd med gjeldande tenesteleveringsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden sokn fører kommunen rekneskapen for soknet. Ein nyttar også same revisor.

Ein har i løpet av året fått til betre samarbeidsrutinar mellom kyrjekontor og kommunen si økonomiavdeling, slik at det er blitt lettare å ha eit oversyn over den økonomiske situasjonen i kyrkja. Dette har gjort det enklare å sjå kva økonomisk ryggdekning ein har for å setje i gang ulike tiltak.

Masfjorden sokn «arva» eit akkumulert underskot frå tida då det var tre sokn i kommunen, og det har vore gjort ein stor innsats for å kome i økonomisk balanse. Dette er dels oppnådd ved mindre bruk av budsjetterte lønsmidlar, og ved å setje nokre planlagde prosjekt på vent.

Rekneskapen for 2022 er avslutta og oversend revisor. Driftsrekneskapen viser eit netto driftsoverskot på kr. 249.753. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 269.555 er avsett til disposisjonsfondet. Dette kjem godt med då det er kome ein del ekstra utgifter på utstyr i starten av 2023, så overskotet vil bli brukt til å dekke dette og til å betale ut billånet.

Også i 2022 har ein registrert ein auke i innkomne offermidlar til eige arbeid. Auken kan tolkast som eit teikn på at folk ynskjer å støtte arbeidet som skjer i soknet vårt. Samstundes synleggjer store endringar frå år til år at det kan vere vanskeleg å vite kva ein faktisk kan rekne med nytte av midlar frå eitt år til eit anna. Ulike tiltak, som t.d. etablering av ei gjevarteneste, har vore lauseleg drøfta. Men enno er ikkje noko av dette realisert.

Masfjorden sokn i tal

Tala under er nøkkeltal for Masfjorden sokn, henta frå årsrapporten til Nordhordland prosti :

Antal søndagsgudstenester	52	Antal deltakarar på søndagsgudsteneste	2527
Antal andre gudstenester	6	Antal deltakarar på andre gudstenester	375
Antal nattverdsgudstenester	28	Antal nattverdsgjester	370
Antal døypte	15	Antal konfirmerte	21
Antal vigslar	3	Antal gravferder	27
Innmelde	2	Utmelde	4
Offergåver i kr.	85.956		

Om arbeidet i Masfjorden sokn i 2022

2022 har vore eit år med høg aktivitet i soknet. Gudstenestetallet er stabilt, men oppmøtet er litt lågare enn åra før pandemien.

Også dette året har det vore fleire friluftsgudstenester; ved dagsturhytta i Grøttneset, ved Stemmevatnet på Solheim og i Stordalen under Bjørn West-marsjen, medan dårleg vær sette ein stoppar for den planlagde friluftsgudstenesta på Rekneskjerjane.

Fleire av gudstenestene med barn og unge er lagt til same dag i dei tre kyrkjene, ei ordning som synes å vera teke godt imot og fungera fint.

Både i juni og september var 50-årskonfirmanter med på gudsteneste i Sandnes kyrkje med påfølgjande middag og feiring, tilrettelagt av kyrkjestaben.

Det var minnegudstenester på helgemessesøndag i alle tre kyrkjene.



Det har lenge vore eit ynskje om og ein vilje til å variere og utvide mangfaldet i gudstenestetilbodet, og som eit ledd i dette vedtok soknerådet å opne for gjennomføring av sokalla temagudstenester. Ei av desse vart gjennomført i Solheim kyrkje 8. mai. På datoen for avslutninga av andre verdskrigen var det naturleg å leggje ei temagudsteneste om fred til den delen av Masfjorden som i størst grad vart prega av krigen.

Men det skulle ikkje vere Bjørn West som skulle stå i fokus denne dagen. I staden skulle ein minnast krigsfangane i fangeleiren på Matre. Planen var å ha fred som tema i gudstenenesta, og å lage ei markering ved «russargravene». Dette skulle så fylgjast opp med eit opplegg inne på Bjørn West-muséet, og med eit undervisningsopplegg for elevane i ungdomsskulen måndag 9. mai.



Krigen i Ukraina førde med seg at det ikkje laut seg gjere å gjennomføre alt i denne omgangen. Men på frigjeringsdagen vart det gjennomført ei fin gudsteneste med prost Helge Taranrød som forrettande prest, og med ei høgtidsam markering på kyrkjegarden.

Og dagen etterpå kunne kyrkja ynskje alle ungdomsskule-elevane i Masfjorden velkomen

til eit heildags undervisningsopplegg på Bjørn West-muséet, der det faglege innhaldet vart ivareteke av muséet i samarbeid med Raftostiftelsen i Bergen. Det kan sjå ut til at ein her har sådd kimen til eit langsiktig samarbeid mellom desse to institusjonane, takka vere eit initiativ frå Den norske kyrkja i Masfjorden.

Eit anna vedtak soknerådet har gjort, er at det i kvar kyrkje skal vere minst to kulturelle tilskipingar i kvar av kyrkjene – julekonsertane utgjør den eine.

I Sandnes kyrkje vart det arrangert Peters påske onsdag i påskeveka. Gjennom sjølvskrivne tekstar tok Torbjørn Sæle forsamlinga med gjennom påskedagane, sett frå disippelen Peter sitt perspektiv. Ove I. B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle stod for songen og musikken, langt på veg med sjølvskrivne songar.

I Solheim kyrkje har ein i 2022 hatt to slike tilskipingar: 20. august kunne folk oppleve fløytist Amalie Duesund og pianist Rune Alver i konserten **«Bøn for fred – Ukraina i våre hjarte»**. I samband med dette var våre ukrainske vener i bygda spesielt inviterte. Spesielt invitert var også Dmytro Ostanin, sokneprest den ortodokse kyrkjelyden Kristi åpenbarings menighet, som held til i Bergen. Høvet til å etablere kontakt mellom dei ukrainske flyktningane og kyrkja i Bergen vart verdsett, og dette høvet er blitt kimen til eit lite samarbeid mellom kyrkjelyden i Bergen og kyrkja i Masfjorden. Til no har dette resultert i ei julemarkering på Fjon fjellkyrkje (januar 2023), samt planar om ei samling i Masfjorden i juni.





22. november danna Solheim kyrkje ramma for ei heilt spesiell musikkoppleving: Fiolinist og forteljar Christian Stejskal resiterte heile evangeliet etter Markus, akkompagnert av eigenkomponerte solostykke på fiolin. Ei fin oppleving for dei som var til stades.

Prest og kyrkjemusikar er regelmessig på Masfjorden sjukeheim og held andakt og songstund. Andaktene har fått auka oppslutning etter å ha blitt flytta frå ettermiddag til dagtid.

I løpet av 2022 har det vore tre konfirmantleirar på Fjon fjellkyrkje. Leirane ein viktig del av konfirmantopplegget med både leik og moro, undervisning og gudsteneste for alle konfirmantane samla, og med gode bidrag frivillige leiarar og foreldre.



Lysmesse i januar var nytt dette året – ein søndagskveld i mørketida der konfirmantane går med dei kvite kappene og lys og deltek aktivt i gudstenesta.



Årets konfirmasjons-gudstenester vart endeleg igjen gjennomført utan restriksjonar og med stort frammøte i kyrkjene. Etter nokre år med konfirmasjonar om hausten, som først tvinga seg fram av koronasituasjonen, har soknerådet vedteke å gå tilbake til konfirmasjonar om våren. Frå 2023 og vidare framover vert konfirmasjonane normalt gjennomført dei tre siste søndagane før 17. mai, i rullerande rekkjefølge i kvar av dei tre kyrkjene.

I desember kunne masfjordingar igjen samlast til flotte julekonsertar med mange medverkande og frammøte i dei tre kyrkjene.

I adventstida vart det også i godt samarbeid med skulane, arrangert julegudstenester for alle skulane, inkludert vaksenopplæringa. Dei tre barnehagane fekk i desember besøk av prest og trusopplærar som tok barna med på ei julevandring.



Det er også gjennomført andre tiltak for born og unge.

- 4-årsbok
- 10-årsbibel
- Lys Våken
- Tårnagent
- Småbarnstrall
- Dåppskule
- Tilbod for mellomtrinnet på Haugsvær



Nokre tiltak som 4-års bok og Lys våken er blitt gjennomført både haust og vår i 2022 for å ta igjen ikkje avvikla tilskipingar, og på den måten koma i rute etter tida med korona.

Det har også vore arrangert ein ungdomsleir i Stordalen.

Om arbeidet i kyrkja og i sokna i tida som kjem

Den norske kyrkja er i omstilling, og har med åra fått ei anna rolle i samfunnet. Frå å vere statskyrkje og gjennom det forvaltar av det som i si tid vart kalla «statens offisielle religion» er Den norske kyrkja no å rekne som eitt av mange trus- og livssynssamfunn i landet vårt.

Dette går fram av at den tidlegare Kyrjelova no er erstatta av Lov om tros- og livssynssamfunn, som er ei generell lov som gjeld alle trus- og livssynssamfunn. Det er likevel verdt å merke seg at eitt av kapitla i denne lova omhandlar spesifikt Den norske kyrkje, formålet med dette kapitlet kan vi lese i §10, der det står: *«Formålet med bestemmelsene i dette kapitlet er å legge til rette for at Den norske kirke forblir en landsdekkende og demokratisk evangelisk-luthersk folkekirke.»*

Det er altså uttrykt ei politisk målsetjing om at Den norske kyrkja framleis skal vere landsdekkjande og demokratisk. For oss her i Masfjorden tyder det at vi også i framtida skal ha ei lokal kyrkje som er tufta på engasjementet til folket som bur i grendene våre.

Men skal dette vere meir enn ein visjon, ein from tanke, må det handling til, både frå kyrkja sjølv og frå folk som bur her.

Vi ser spor av handling på mange plan:

Kyrkja har god støtte i kommunepolitikarane våre. Dei har sytt for at vi har rimeleg gode økonomiske rammer for drifta. Spesielt positivt er det at kommunen har gått inn på, og held ved like, ein avtale om å bidra med lønsmidlar til ei prestestilling i prostiet mot at kommunen har sin eigen sokneprest. Vi skal ikkje hugse mange åra attende for å forstå kor viktig dette er.


Frå dei tilsette si side vert det vist stor vilje til å tilpasse tilbod til det folket her vil ha. Eit døme på dette er at ein tendens til færre oppmøte til ordinære gudstenester har medført ein diskusjon om korvidt ein skal nytte noko av ressursane på andre tilskipingar.

Det er også grunn til å berømme dei som har fått tillitsverv i sokneråd og kyrkjeutval, for god innsats. Ein har teke nokre grep for å gjere arbeidsoppgåvene for desse litt meir straumlineforma enn før, men det vil uansett vere behov for at einkvan set av tid og krefter til å gjere ein teneste for fellesskapet. Og det har desse gjort.

Men dei tillitsvalde skal ikkje måtte gjere jobben åleine, på vegne av alle oss andre. Alle vi som meiner at det er viktig for oss at Den norske kyrkja i Masfjorden er ei levande og aktiv kyrkje i lokalmiljøet vårt, har eitt eller anna å bidra med, stort eller lite.

Det kan vere på sin plass å minne om at ordet «dugnad» er eit særskilt norsk omgrep, som vi alle er godt kjende med meininga av.

Hosteland, den 13. mars 2023



Leiar, Masfjorden sokneråd